

# Rapport ungdomskurs i bridge på Os 27. – 28. februar 2016

Os Bridgeklubb arrangerte helga 27. – 28. februar 2016 bridgekurs for ungdom. Planlegginga av kurset starta hausten 2015, og etter at vi fekk innvilga kr. 5000.- i LNU-midlar frå NBF blei det fortgang i planlegginga.

Vi var litt usikker på kva for tidspunkt som ville vera best for eit slikt kurs, men valde til slutt å satsa på siste helga i februar. Den kolliderte i alle fall ikkje med vinterferie eller andre høgtider.

Rett over nyttår gjekk vi i gang å annonsera kurset. I tillegg til plakatar og Facebook, satsa vi på nettannonsering på nettsidene til dei lokale media i bygda; Os og Fusaposten og Midtsiden. Midtsiden hadde òg ei redaksjonell førehandssak av kurset.



Framsida til Midtsiden 9. februar 2016.

Vi enda opp med fem påmeldte til kurset. Vi hadde vel håpa på litt fleire påmeldingar, men fem bridgeinteresserte i alderen 12 – 17 ar er slett ikkje verst. Kun ei av jentene (Daniella) spelte bridge frå før. Dei fire andre hadde ingen kunnskapar om spelet frå før, men alle var glade i å spela kort.

Vi var heldige å fekk låna lokale av Os kommune v/Os Folkebibliotek. Dette viste seg å vera eit finfint lokale til vårt bruk, og vi vil nok prøva å få låna det same lokalet igjen ved seinare kurs/samlingar.

Torhild Rasmussen hadde ansvaret for den pedagogiske delen av kurset. Torhild har halde ei rekke kurs for klubben opp gjennom åra, og klubben skal vera kjempeglad for at vi har ein slik kapasitet.

Vi starta opp med eit lynkurs laurdag føremiddag, Velkomsttalen til Torhild er lagt ut på Youtube og kan sjåast der (søk på Torhild Rasmussen).

Etter ein kort introduksjon til spelet gjekk vi i gang med speling. Fem deltakarar er ikkje eit optimalt antall spelarar for å spela bridge, men det gjekk heilt fint. To spelarar på same hand vart løysinga for oss.



Frå spelinga laurdag. Daniella og Edel spelar saman. Torhild følgjer med i bakgrunnen. Elles ser vi frå venstre Marte, Lea og Fartein.

Etter ca tre timar med teori og speling var det tid for mat. Sidan det var kort avstand valde vi å gå ned til Os sentrum og gå på ein av pizza-restaurantane der. Eit svært populært tiltak.



Mykje godt å velja i menyen.

Vi held fram kurset etter restaurantbesøket, og då vi gav oss i firetida på ettermiddagen hørde vi i alle fall to som skulle heim å spela på BBO om kvelden.

Søndagen starta vi opp klokka tolv. Vi hadde planlagt ein lagkamp som avslutning på kurset, så det blei ein god del teori dei første timane for å bli klar til den. I løpet av helga var vi vel i gjennom dei første 5-6 kapitla av læreboka.



Telje, telje. Lea vurderer korta. Marthe til venstre.

Dei siste to timane av kurset var avsett til lagkamp. Vi hadde avtalt med Reidar og Carl-Otto at dei skulle komma å vera med dei siste timane slik at vi hadde nok folk til å spela ein kamp. Vi har opplevd ved tidlegare kurs at spelarane slit med å forstå kven som spelar på lag. Denne gongen løyste vi det med tape. Fire spelarar med blå tape på handa, fire med sølvfarga tape. Fungerte fint det!



Frå lagkampen søndag. Legg merke til tapen på handa. Reidar med sølvfarga tape, Fartein med blå.




Frå lagkampen. Frå venstre: Reidar, Lea, Marthe og Daniella (med ryggen til).



Meir frå lagkampen. Edel med ryggen til. Elles frå venstre Fartein, Torhild og Carl-Otto.

Lagkampen gjekk over tolv spel. Vi prøvde å gjera det så reelt som mogleg; stokking ved borda, seks spel, samalikning av lister og seks spel til. Til slutt var det vist det blå laget som vann kampen 21-15, utan at det hadde stor betydning. Vårt inntrykk var i alle fall at ungdommen sette pris på å avslutta med ein konkurranse.

Før vi avslutta passa vi på å få delt ut litt bridgemateriell til deltakarane, mellom anna med info om bridgeleirane i Austevoll og Fredrikstad komande sommar. Og heilt til slutt var det sjølvsagt utdeling av innramma diplomar til alle deltakarane.



### **Oppfølging**

I etterkant av kurset har vi vore i kontakt med alle deltakarane. Vi håper å få til noko utover våren, og håper at fleire av deltakarane vil bli med på minst ein av ungdomsleirane komande sommar.

### **Oppsummering**

Alt i alt ei sveært vellukka bridgehelg for ungdommen. Vi kjem truleg til å gjennta tiltaket, men må nok bli enno betre på marknadsføring.

### **Takk til:**

Os kommune/Os Folkebibliotek  
Midtsiden  
Os og Fusaposten  
NBF v/Kristian Barstad Ellingsen  
Reidar og Carl-Otto

### **Spesielt takk til:**

Torhild

<b>Rekneskap</b>	<b>Inn</b>	<b>Ut</b>
LNU-midler	5000.-	
Annonsering Os og Fusaposten		2250.-
Annonsering Midtsiden		1000.-*
Mat, snacks m.m.		2306.-
Innramming diplomar		401.-
Underskot (ca)	957.-	
	<b>5957.-</b>	<b>5957.-</b>

- Faktura frå Midtsiden er framleis ikkje motteke, men avtalt pris for annonseringa var kr 1000.- så det er rekna med det her. Kan henda det er 1000.- + moms, slik at summen blir noko høgare.

7. mars 2014

Anne MS Heggland  
Luar OS BK